



Påskedagane vert av mange brukt til turar til fjells og i nærrområde.

Dei mest populære turane går over Ådnaklett eller frå Vetlebru til Storhaug og frå Haugland til Kalkstasjonen.

Andre mykje brukte turmål påsken er på Fjelandbøle og frå Eik til Flåtene.

Ferske tal frå turboka på Ådnaklett og Storhaug syner eit dagleg besøk mellom 15 og 20.

Når vi veit at nokre aldri skriv seg iturbøkene, må dette seiast å vera eit høgt tal.

Det er godt synleg at båt- og campinggjeste rfinn fram og brukar turmål i og rundt Uskedalen.

Nokre av stiane treng ny og oppfriska merking.

Det vert truleg gjort i sommar.

Bilete: Ådnaklett er truleg det mest brukte turmålet i Uskedalen.
Tett på kjem Storhaug og Kalkstasjonen

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal